

# SAMLET SAKSFRAMSTILLING

## MØTEBOK

**Saksnr. 53/09**

Arkivsaksnr.: 06/89

Arkivkode:PLAN 2

Sakshandsamar: Ivar Bergstøl

Saksnummer	Utval	Møtedato
1/06	Kommuneplannemd	04.04.2006
3/06	Kommuneplannemd	23.08.2006
3/07	Kommuneplannemd	17.04.2007
27/07	Kommunestyret	03.05.2007
53/09	Kommunestyret	02.07.2009

### ***KOMMUNEDELPLAN MARKEGARDSLIE - LYKKJA - EIGENGODKJENNING***

#### ***Saka blir avgjort av:***

Kommunestyret

#### ***Vedlegg:***

Ingen

#### ***Dokument i saka:***

<b><i>Dokument</i></b>	<b><i>Heimeside</i></b>	<b><i>Lokalisering /webstig</i></b>
K -Sak 27/07, 03.05.2007	www.hemsedal.kommune.no	Politikk: Sakspapir/Arkiv 2007
Plankart	www.hemsedal.kommune.no	Kunngjering/ høyringar/ kommunedelplan Markegardslie Lykkja/ Plandokument
Planføresegner	www.hemsedal.kommune.no	Som over
Planskildring	www.hemsedal.kommune.no	Som over

Innkomne merknadar i høve til høyring våren 2009:

<b><i>Merknadar frå:</i></b>	<b><i>Dokumentnr.</i></b>
Buskerud Fylkeskommune av 10.05.2009, innstempla den 26.05.2009.	06/89 - 212
Hans Erik Hartmann av 17.04.2009	06/89 - 209
Einar K Bustnes av 24.04.2009	06/89 - 208
Lars og Eldbjørg Eikre av 22.04.2009	06/89 - 207
Fylkesmannen i Buskerud av 23.04.2009	06/89 - 206/203
Økland og CO av 24.04.2009, på vegne av hytteeigarar med festnr. tilhøyrande gnr. 58, bnr.2	06/89 - 205
Berit Sten Hansen av 24.04.2009	06/89 - 204
Erik H Helle av 20.04.2009	06/89 - 202
Jon Halbjørhus av 23.04.2009	06/89 - 201
Statens vegvesen e- post / brev	06/89 - 217
Anne Grete Giæver av 05.04.2009	06/89 - 198

Merknadene er tilgjengelige på E-sak 06/89 – (Tenestetorget).

### ***Saksopplysningar:***

Det vert vist til tidlegare saksutgreiing med vedtak i kommunestyret den 03.05.2007, sak 27/07.

Planprosessen for kommunedelplan Markegardslie- Lykkja har gått over lang tid. I 2007 blei det gjort kulturminneregistreringar i området. Rapporten over kulturminneregistreringar var ikkje slutført på det tidspunkt då saka blei handsama i kommunestyret den 03.05.2007 som prosessvedtak.

Rapporten frå kulturminnemydigheit gjorde til at vegtilkomst, spesielt til nytt byggeområde F7 måtte sjåast på nytt, då traseen kom i konflikt med kulturminne.

Moglege løysingar for den nye situasjonen med vegar og avkøyrslar vart sett på nytt for området på sørsida av fylkesvegen og nytt byggeområde F7. Framlegg til trasear/ avkøyrslar er innteikna som linjesymbol og nummerert på plankartet. Også omlegging av vestre avkøyrslar for Jonstølvegen måtte vurderast nærare, då det var sterk motstand frå bl.a. oppsitjarar/ grunneigarar å flytte denne vestover, slik det var foreslått i opphavleg plan. Intensjonen i opphavleg plan var bl.a. å gjennomføre avkøyrslar utan plankrav, det viser seg at dette er vanskeleg å gjennomføre på oversiktsplan (kommuneplannivå), i dette tilfelle ut i frå dei ulike interesser som må ivaretakast. For den endra situasjonen vedrørende avkøyrslar og nærare avklaringar blei det føreteke møte og synfaring den 04. 06.2008 saman med

kulturminnemyndigheit (Buskerud fylkeskommune), Statens vegvesen og Fylkesmannen i Buskerud – miljøvernavdelinga og representantar frå kommunen.

Det er å merke at det ikkje føreligg formelle motsegner til planframlegget, men kommunen såg det som viktig at løysingane for avkøyrslar og tilhøva til kulturminne var avklara.

Det blei satt i gang prosess med å finne alternative løysingar på å få til sikre at avkøyrslene kan utformast i tråd med vegnormalane og at det let seg løyse å få vegutløysing frå byggeområdet F7. Statens vegvesen var klare på å sikre seg naudsynt dokumentasjon for avkøyringar og at desse skal kunne utformast i tråd med vegnormalane. Det har vore halde møter rundt dette. Dette har ført til at planprosessen har tatt tid og det enda med planframlegg som har vore ute til forenkla høyring i april / mai 2009.

Ved denne høyringa vart det valt å sende eigen orientering tilgrunneigarar og hytteeigarar som vert direkte ramma og soknar naturleg til foreslått nye vegtilkomstar.

Innkomne høyringsuttalar går for det meste på at det er stor motstand til nye trasear og avkøyrslar, spesielt den austre merka 3 på plankartet som og er tenkt skal omfatta trafikk for nytt hytteområde F7.

### ***Forhold til overordna plan:***

Ikkje vurdert.

### ***Miljøkonsekvensar:***

Vurdert tidlegare saksutgreiing.

### ***Økonomiske konsekvensar:***

Ingen

### ***Vurdering:***

Den største utfordringa i slutfasen av planlegginga er avkøyrslar og kulturminne for at interessene til overordna myndigheiter vert i varetekne. Statens vegvesen har vore klare på sanering av avkøyrslar i området med vising til trafikkfarleg område og med uheldig utforming av avkøyrslar.

Avkøyrslene og utbetring av desse vil vere knytt opp mot utbygging i områder / hytter som soknar til avkøyrslene. Statens vegvesen har kravd at det ikkje kan setjast i verk tiltak på bygg etter plan – og bygningslova § 93 før avkøyrslene er utbetra eller etablert.

Ved den siste høyringa har det kome inn protestar på vegtilkomstane frå grunneigarar og hytteeigarar i området..

Det er å merke at kommuneplan er grovmaska og ikkje kan ta stilling til alle detaljar, då dette må kome i ein seinare fase gjennom detaljplanar for vegar/ avkøyrslar.

Plankravet vert i form av reguleringsplan / detaljplan etter plan – og bygningslova. Traseane på plankartet er illustrerande og detaljar kring dette må takast gjennom detaljregulering/plan med omsyn til ulike interesser, bl. a. bevaring av kulturminne. Dette er og ein medverkande grunn til å stille plankrav for avkøyrslene 4 og 6, dersom det skjer tiltak i området etter PBL § 93 og som utløyser dette.

Plankravet for vegar avkøyrslar vert og utløynt av detaljplanlegginga (reguleringsplan) for området F7.

For vestre og austre avkøyrslar til Jonstølane, merka 1 og 9 på plankartet er det ikkje konflikt med kulturminne eller andre openbare interesser. For desse avkøyrslene vert det derfor ikkje stilt plankrav etter PBL, men det skal føreligge teknisk plan for avkøyrsla som tilfredstiller vegnormalene før arbeidet med avkøyrsla vert sett i verk. Teknisk plan skal vere godkjend av Statens vegvesen.

Innkome merknadar ved høyring 2009 som er lista opp over gjev klart uttrykk for at det ikkje er ønskeleg med omleggingar av veg/ avkøyrslar. Den største motstanden er vegframføring frå området F7. Kommunen er delvis låst på korleis ein ser for seg framtidig vegutløysing for dette område, då det aust for området er kulturmark og det er registrert biologisk mangfald i nasjonale databasar. Av den grunn er det uaktuelt å tilrå vegtrase lenger aust,- og aust for hyttefeltet tilhøyrande gnr. 58, bnr.2. Tilhøva til dei innkomne merknadane nå ved siste forenkla høyring, er at det gjennom kommuneplan ikkje er gjenstand for påklage eller krav om innløysing eller erstatning. Dette vert ivareteke gjennom detaljplan – reguleringsplan/ detaljplan etter Plan –og bygningslova.

Fylkesmannen sin merknad ved denne forenkla høyringa går på byggjeforbod langs vassdrag, der det vert forlanga 100m byggjeforbod langs vassdraga og ikkje 50m som planframlegget viser i dag. Planprosessen har gått over lang tid og ved dei ulike høyringane har planen vist 50 m byggjeforbod langs vassdrag. Det har ikkje vore eit krav frå fylkesmannen at dette skal utvidast til å gjelde 100m .Det har heller ikkje vore motsegn byggjeforbodet tidlegare. Byggjeforbod på 50 m langs vassdrag vert derfor oppretthalde som i opphavleg plan.

Kulturminnemyndigheit har peika på at innteikna vegtrasear kan kome i konflikt med jernvinneanlegg og at dette må avklarast nærare. Det er å presisere at veglinjene på plankartet er førebelse og grovt vurdert. Derfor er det no gjennom endeleg plan gjort gjeldande plankrav / detaljplan etter plan – og bygningslova for nye vegar og avkøyrslar.

Gjennom dei ulike fasane i den lange tidshorizonten planlegginga for Markegardslie – Lykkja har gått føre seg, har kome mange innspel til nye hytter i området. Innspela må vurderast vidare gjennom hovudrevideringa av kommuneplan.

For gamle disposisjonsplanar med ubebygde tomter er det lagt inn byggpunkt, for å sikre oppføring av bygg kan gjennomførast med heimel i kommunedelplanen. Dette og for å unngå dispensasjonar.

Som det er gjort vedtak om i prosessvedtaket den 03.05.2007 bør det vidareførast at ein ser på planen og hyttepolitikken i området på nytt i samband med hovudrevisjon av kommuneplan for Hemsedal.

Kart føresegner og planskildring er oppdatert i høve til rekkefølge – og plankrav.

### **Konklusjon:**

Planintensjon og store delar av planføresegnene i tidlegare planframlegg er vidareført gjennom det endeleg planframlegget som no ligg føre, men med justeringar i høve til rekkefølger og plankrav spesielt retta mot avkøyrslar / nye vegar.

Planframlegget for kommunedelplan for Markegardslie – Lykkja vert vedtatt med innarbeiding av fylgjande:

- Rekkefølgeføresegner i høve til frådelling / bygging, avkøyrslar og nye vegar med vegtilkomst merka 2,4,6 og 9 på plankartet knytt opp mot tiltak etter PBL § 93 i Plan- og bygningslova.
- Detaljplankrav etter plan – og bygningslova for nye vegtrasear/ avkøyrslar knytt til avkøyrslene 4 og 6 slik at viktige interesser vert avklara nærare gjennom plan.
- Krav om teknisk plan for gjennomføring av vestre og austre avkøyrslar til Jonstølane, merka 1 og 9 på plankartet. Teknisk Plan skal godkjennast av Statens vegvesen.

Justert planframlegg i høve til konklusjonen ligg på kommunen sine heimesider.

### **Rådmannen si tilråding:**

Hemsedal kommunestyre godkjenner i medhald av plan – og bygningslova § 20-5 kommunedelplan for Markegardslie – Lykkja med fylgjande revidering av plandokumenta:

- Rekkefølgeføresegner i høve til frådelling / bygging, avkøyrslar og nye vegar med vegtilkomst merka 2,4,6 og 9 på plankartet knytt opp mot tiltak etter PBL § 93 i Plan- og bygningslova.
- Detaljplankrav (reguleringsplan) etter plan – og bygningslova for nye vegtrasear/ avkøyrslar knytt til avkøyrslene 4 og 6 slik at viktige interesser vert avklara nærare gjennom plan.
- Krav om teknisk plan for gjennomføring av vestre og austre avkøyrslar til Jonstølane, merka 1 og 9 på plankartet. Teknisk Plan skal godkjennast av Statens vegvesen.

Hemsedal kommunestyre ber kommuneplannemnda, med bakgrunn i mange tidlegare hytteinnspel, om at det gjennom kommuneplanarbeidet vert sett nærare på hyttepolitikk / utvikling av hytter i området i samband med arbeidet for hovudrevideringa av kommuneplan.

**Kommunestyret behandlet saken den 02.07.2009, saksnr. 53/09**

**Behandling:**

Innstiling vedteken. Samrøystes.

**Vedtak:**

Hemsedal kommunestyre godkjenner i medhald av plan – og bygningslova § 20-5 kommunedelplan for Markegaradsleie – Lykkja med fylgjande revidering av plandokumenta:

- Rekkefølgeføresegner i høve til frådeling / bygging, avkøyrslar og nye vegar med vegtilkomst merka 2,4,6 og 9 på plankartet knytt opp mot tiltak etter PBL § 93 i Plan- og bygningslova.
- Detaljplankrav (reguleringsplan) etter plan – og bygningslova for nye vegtrasear/ avkøyrslar knytt til avkøyrslene 4 og 6 slik at viktige interesser vert avklara nærare gjennom plan.
- Krav om teknisk plan for gjennomføring av vestre og austre avkøyrslar til Jonstølane, merka 1 og 9 på plankartet. Teknisk Plan skal godkjennast av Statens vegvesen.

Hemsedal kommunestyre ber kommuneplannemnda, med bakgrunn i mange tidlegare hytteinnspel, om at det gjennom kommuneplanarbeidet vert sett nærare på hyttepolitikk / utvikling av hytter i området i samband med arbeidet for hovudrevideringa av kommuneplan.